



Nordfjord vassområde

Vassområdeutvalet
(i følge mottakarliste)

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppkje ved svar)
14/934

Dato
27.01.2014

Referat Vassområdeutvalet 22.01.2014

Tid: onsdag 22. januar 2014 kl 10.00 – 14.00

Stad: Sandane, kommunestyresalen

Desse møtte:

Ola Tarjei Kroken, Gloppen kommune
Kristine Dahl, Gloppen kommune (adm)
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune (adm)
Jakob Hammer, Stryn kommune
Odd Rønningen, Stryn kommune (adm)
Anne Britt Andersen, Eid kommune
Stanislawa Voldsund, Eid kommune (adm)
Kristian Nave, Selje kommune (adm)
Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune (adm)
Jakob A Sandal, Jølster kommune
Solfrid Trå, Jølster kommune (adm)
Jon Åge Torheim, Hornindal kommune
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune (adm)
Merete Farstad, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
John Anton Gladsø, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Siss-May Edvardsen, Norges Vassdrags- og Energidirektorat, Region Vest
Eli Mundhjeld, Statens vegvesen Region Vest
Janne Ølmheim, Statens vegvesen Region Vest
Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Ikkje utvalsmedlemar:

Vegard Fagerli, Sogn og Fjordane Energi
Thorleif Jacobsen, Norges Naturvernforbund, Sogn og Fjordane

SAKER

VAL AV MØTELEIAR

Olav Tarjei Kroken vart vald til møteleiar

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Ingen merknader

ORIENTERINGAR

Prosjektleiарstilling

Prosjektleiaren søkte om å gå ned i 50 % stilling frå september, jamfør statusrapport av 24.09.2013. Ønsket hadde samanheng med den faste stilling som han hadde hatt permisjon frå i 1 års tid. Det har vore utfordrande å utføre oppgåvene på halv tid, men det var ei heilskapsvurdering at prosjektet ville vere best tent med kontinuitet, og å kunne nytte seg av erfaringane som prosjektleiар hadde samla i det fyrste året. Vertskommunen Gloppen tok avgjerda om å innvilge stillingsreduksjon, og arbeidsutvalet til vassområdet slutta seg til denne avgjerda.

Overvaking 2013 i regi av vassområdeutvalet. Orientering ved prosjektleiaren.

Vasskraftselskapa sine miljøtiltak og bidrag til tiltaksanalysen.

Orientering v/ Vegard Fagerli, Sogn og Fjordane Energi

Sak 1/14 - Rekneskap 2013

Lønnsutgiftene til prosjektleiар (549 810) vart mindre enn budsjettert (700 000), pga redusert stilling til 50 % frå september. (Sjå tabell nedanfor)

Overvaking vart innkjøpt frå VestfoldLAB (vassprøveanalysar), Limno-Consult AS (begroing), Uni Research (sjøundersøking) og Det Norske Veritas (sjøundersøking i Nordgulen, Svelgen). Feltarbeid er gjennomført, med mindre unntak, og heile kostnadene til desse prosjekta er ført på rekneskapet 2013.

Andre driftskostnader har vore m.a. reiser, møtekostnader, annonsar og telefonkostnader.

Overskotet i 2013 er på 314 624, som er avsett til fond.

Kommunane er ajour med betaling for 2012 og 2013, men innbetalinga frå Eid avviker frå budsjett (80 000 pr år, i tråd med kommunestyrevedtak).

Økonomioversikt	Budsjett 2014	Rekneskap 2013	Budsjett 2013
INNTEKTER, sum	1 414 000	1 938 088	1 938 088
Kommunar	550 000	550 000	550 000
Fylkesmannen	275 000	275 000	275 000
Fylkeskommunen	275 000	275 000	275 000
Fondsmidlar	314 000	838 088	838 088
UTGIFTER, sum	1 414 000	1 938 088	1 938 088
Prosjektleiar	323 000	549 810	700 000
Drift / overvaking / konsulent	1 091 000	1 073 654	1 238 088
Overskot (avsett til fond)	0	314 624	0

Framlegg til vedtak:

Vassområdeutvalet tar orienteringa om rekneskap 2013 til vitande og har ikkje merknader.

22.01.2014 VASSOMRÅDEUTVALET

1/14 Vedtak

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak 2/14 - Budsjett, kostnadsfordeling

Signal frå Fylkeskommunen er at tilskota frå fylke og stat vil vere som tidlegare år.

Konsulentoppdrag med problemkartlegging i høve jordbruksureining og ureining frå spreidde avløp. Disponibelt ca 1 million inkl fondsmidlar. Det er store kunnskapsmanglar om ureining, i sær frå jordbruk og spreidde avløp. Overvaking 2013 i regi av vassområdeutvalet kartla tilstanden i over 30 elvar og innsjøar, men det står att å finne kjelden til ureining, og å utgreie tiltak. Kommunane har ansvar for desse oppgåvene, uavhengig av vassforskrifta, og kan få dei utført ved kjøp av konsulentoppdrag gjennom prosjektet.

Eid, Selje og Vågsøy kommunar har i brev til Sogn og Fjordane Fylkeskommune teke opp spørsmål om finansiering av prosjektleiar og kostnadsfordeling mellom kommunane. Eid og Vågsøy kommunar oppmodar prosjektet om å fordele kostnadene mellom kommunane med 33,3% lik fordeling, 33,3% fordeling etter folketal og 33,3% fordeling etter areal (Eid kommunestyre sak 08/13 og Vågsøy kommunestyre sak 72/13). Det har deretter vore utveksla brev mellom Eid kommune og Gloppen kommune i saka. Denne fordelingsmodellen var oppe til vurdering i vassområdeutvalet 16.03.2012, der fleirtalet meina at ein skulle bruke fordelingsnøkkelen som prosjektplanen la opp til, dvs. 25% lik fordeling og 75 % fordeling etter folketal (sak 02/12).

Framlegg til vedtak:

Vassområdeutvalet tar orienteringa om budsjett 2014 til vitande og har ikkje merknader. Vassområdeutvalet gir fullmakt til arbeidsutvalet å kjøpe konsulentoppdrag innanfor dei budsjetterte midlar.

22.01.2014 VASSOMRÅDEUTVALET

2/14 Vedtak

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak 3/14 - Val av leiar for Nordfjord Vassområdeutval

22.01.2014 VASSOMRÅDEUTVALET

3/14 Vedtak

Anders Ryssdal vart vald for ein periode tilsvarande ut kommunestyreperioden.

Samrøystes

Sak 4/14 - Godkjenning av tiltaksanalysen

Tiltaksanalysen er vassområdeutvalet sitt innspel til forvaltningsplan og tiltaksprogram som Fylkeskommunen (vassregionmynde) skal utarbeide. Fylkeskommunen gav opprinneleg frist 15. november med å oversende tiltaksanalysen. Tiltaksprogrammet og forvaltningsplanen vil bli lagt ut på høyring 01.07.2014 – 31.12.2014.

Grunna manglande ressursar hos styresmakter og forseinka rettleingsmateriale frå sentralt hald, vart arbeidet med tiltaksanalysen sterkt forseinka. Fylkeskommunen har difor valt å utsette fristen til 01. februar 2014. Sjølv med denne utsettinga har det vore utfordrande å få inn dei nødvendige innspel frå sektorstyresmakter i tide. Det er gjennomført ei lokal minihøyring 03.12.2013 – 10.01.2014, med folkemøte på Nordfjordeid, på Skei og i Selje. Innkomne høyringsinnspel er utlagt på vannportalen:

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=47223&amid=3644255>

Tiltaksanalysen kan ein laste ned frå vannportalen:

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=47223&amid=3644351>

Tiltaksanalysen som no blir lagt fram til godkjenning har manglar, og med dette for auge, må vassområdeutvalet ta avgjerda om dokumentet kan godkjennast. Det er då viktig å vere klar over at tiltaka i tiltaksanalysen ikkje er bindande. Heller ikkje er tiltaka i tiltaksprogrammet bindande. Styresmaktene kan justere sine framlegg til tiltak etter ei grunngjeving, til dømes dersom ein finn at andre tiltak vil vere meir hensiktsmessige, eller dersom endringar i miljøtilstanden tilseier dette.

Det som derimot vil ligge fast i forvaltningsplanperioden er miljømåla. Dette er i utgangspunkt standard miljømål (god økologisk og kjemisk tilstand for overflatevatn). Der er nokre unntak frå standard miljømål. Vassførekomststar som vert definerte som SMVF (sterkt modifisert vassførekomst etter vassforskrifta § 5), skal ha miljømålet «god økologisk potensiale», som må definerast i kvart tilfelle. Mindre strenge miljømål (vassforskrifta §10) er eit anna unntak. Det er og høve til å fastsette strengare miljømål enn standard, til dømes drikkevasskvalitet. Sektorstyresmakter, fylkeskommunar og kommunar har innafør sine ansvarsområde ansvar for å utrede premissane for fastsetting av miljømål.

Framlegg til vedtak:

Vassområdeutvalet godkjenner tiltaksanalysen slik han ligg føre.

22.01.2014 VASSOMRÅDEUTVALET

Det kom opp spørsmål om Veitebergselva i Jølster kommune (vassførekomst nr 087-40-R), og muleg feil i vann-nett («Regulering med minstevassføring»). Denne reguleringa er ikkje omfatta av konsesjon. NVE stadfesta at det ikkje er vilkår om minstevassføring. Fylkesmannen vil vurdere endringar i vann-nett om vassførekomsten.

NVE gjorde merksam på at vassområdeutvalet, kommunar og andre har høve til å spele inn framlegg til å revidere vilkår for konsesjonar. Vilkårsrevisjon er virkemiddel for gjennomføring av tiltak. Tiltak i regulerte elvar vil i dei fleste tilfelle bli utsett til neste forvaltningsplansyklus (2022 – 2027).

NVE gav også uttrykk for at dei har lite kunnskap om økologiske konsekvensar av elveforbyggingar. Vassområdeutvalet oppmodar kommunane om å spele inn til NVE, med kopi til prosjektleiar, i kva grad forbyggingar og flaumvern i kommunen er i kjent konflikt med økologiske omsyn eller andre interesser.

Frå Hornindal kommune vart det spelt inn at Tussa Energi AS bør vere representert i Referansegruppa til vassområde Nordfjord, og få tilsendt tiltaksanalysen, fordi dei er tiltakshavar for påverknader som fråføring av vatn frå Horndøla-vassdraget medfører.

4/14 Vedtak

Vassområdeutvalet godkjenner tiltaksanalysen slik han ligg føre. Eventuelle tillegg / endringar vil bli sendt til Vassområdeutvalet for godkjenning innanfor ei gitt tidsfrist. Samrøystes.

Staffan Hjohlman
prosjektleder
tlf. 904 02 661

Vedlegg:

**Tiltaksanalyse for Vassområde Nordfjord, godkjent av Nordfjord Vassområdeutval
22.01.2014.**

Kopi:

Referansegruppa til vassområdeutvalet

Mottakarliste:

Anders Ryssdal, Gloppen kommune
Ola Tarjei Kroken, Gloppen kommune (vara)
Kristine Dahl, Gloppen kommune (adm)
Espen Gulliksen, Bremanger kommune
Bjørulf Myklebust, Bremanger kommune (vara)
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune (adm)
Jakob Hammer, Stryn kommune
Odd Rønningen, Stryn kommune (adm)
Anne Britt Andersen, Eid kommune
Dag H. Reksnes, Eid kommune (vara)
Stanislawa Voldsund, Eid kommune (adm)
Kenneth Brandal, Selje kommune
Kristian Nave, Selje kommune (adm)
Hogne Bleie, Vågsøy kommune
Marit Sætren, Vågsøy kommune (vara)

Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune (adm)
Jakob A Sandal, Jølster kommune
Siv - Karin Hestad, Jølster kommune (vara)
Solfrid Trå, Jølster kommune (adm)
Jon Åge Torheim, Hornindal kommune
Ola Inge Seljeset, Hornindal kommune (vara)
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune (adm)
Luster kommune
Sjåk kommune
Stranda kommune
Vanylven kommune
Volda kommune
Ørsta kommune
Merete Farstad, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Hanne Marie Utvær, Fiskeridirektoratet region Vest
John Anton Gladsø, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Elisabeth Julsrud, Kystverket vest
Torgeir Flatebø, Mattilsynet, regionkontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane
Merete Helgheim, Mattilsynet, regionkontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane
Siss-May Edvardsen, Norges Vassdrags- og Energidirektorat, Region Vest
Eli Mundhjeld, Statens vegvesen Region Vest
Janne Ølmheim, Statens vegvesen Region Vest
Staffan Hjohlman, prosjektleiar